



OSTERØY KOMMUNE
Plan og teknisk forvaltning

12

Roger Hartveit
5283 FOTLANDSVÅG

Dykkar ref.:

Vår ref.:
07/2200-4 KJB
07/15229

Arkiv:
N-504

Lonevåg
06.11.2007

MELDING OM VEDTAK - OPPSTART REGULERINGSPLAN FOR MASSEUTTAK -
VEVLETVEIT - GNR.6, BNR.1

Formannskapet som fast utval for plansaker har i møte 31.10.07 handsama privat søknad om oppstart av reguleringsplan for g.nr.6, b.nr.1, Vevletveit, sak 172/07.

Formannskapet som fast planutval har etter dette gjort slikt samrøystes vedtak:

" Formannskapet som fast utval for plansaker og med heimel i § 30 i plan- og bygningslova gjev løyve til oppstart av reguleringsplan for del av gnr. 6 bnr. 1, Vevletveit.

Planområdet er vist på kartutsnitt i M:2000 dagsett 18.09.07.

Planføremåla er landbruksområde og område for steinbrot og masseuttak."

Med helsing

Kjell J. Brun
kommunalsjef

Vedlegg: Sakspapir P-sak 172/07

OSTERØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Formannskapet	31.10.2007	172/07	KJB

Saksansvarleg Kjell J. Brun	Arkiv: N-504 Objekt:	Sak ID 07/2200
--------------------------------	-------------------------	-------------------

REGULERINGSPLAN FOR MASSEUTTAK - VEVLETVEIT - GNR.6, BNR.1, SØKNAD OM OPPSTART - P-SAK

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

” Formannskapet som fast utval for plansaker og med heimel i § 30 i plan- og bygningslova gjev løyve til oppstart av reguleringsplan for del av gnr. 6 bnr. 1, Vevletveit.

Planområdet er vist på kartutsnitt i M:2000 dagsett 18.09.07.

Planføremåla er landbruksområde og område for steinbrot og masseuttak.”

31.10.2007 FS-172/07 UTVALET SI HANDSAMING:

Kommunalsjef og sakshandsamar var til stades ved utvalet si handsaming.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, sa seg som onkel til planfremjar ugild og tok ikkje del i møtet ved handsaminga av saka – 6 medlemmer til stades.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAMANDRAG

Eit areal på kvar side av riksveg 567 på Vevletveit og ned mot Borgovatnet inngår i kommunedelplanen for Hauge 2006-2018 som framtidig noverande og framtidig masseuttak og LNF-område. Arealet som er om lag 54 daa, er i dag i bruk som steinknuseverk og masseuttak for stein.

Her står i dag ein del gamle anleggsmaskiner og anna anleggsmateriell som ein ønskjer opprydding i, samt tilbakeføring av området nord for riksvegen til landbruksområde.

Roger Hartveit, Fotlandsvåg søker om å få starte reguleringsarbeid.

Føremåla er område for jord- og skogbruk, offentlig trafikkområde køyreveg, friområde i sjø, steinbrot/masseuttak og frisiktsone ved veg.

I medhald av kommunedelplanen sine føresegner er det sett krav om utarbeiding av reguleringsplan for området.

Rådmannen går inn for å gje løyve til oppstart av regulering.

FAKTA

Roger Hartveit som planfremjar søker 24.09.07 om løyve til oppstart av reguleringsarbeid for Vevletveit, Hauge. Oppstartsmøte vart halde 18.09.07.

Planfremjar har førebels ikkje valt plankonsulent.

Plansituasjonen.

Eit areal på ca. 54 daa på kvar side av riksveg 567 på Vevletveit og ned mot Borgovatnet inngår i kommunedelplanen for Hauge 2006-2018 som framtidig noverande og framtidig masseuttak og LNF-område med krav om regulering.

Arealet er i dag i bruk som steinknuseverk og masseuttak for stein. Her står i dag ein del gamle anleggsmaskiner og anna anleggsmateriell som ein ønskjer opprydding i.

Vidare ønskjer ein tilbakeføring av området nord for riksvegen til landbruksområde.

I følgje føresegnene for kommunedelplanen for Hauge 2006-2018 kan vidare arbeid og tiltak i området ikkje finna stad før inngår i reguleringsplan.

Retningslinene for kommunedelplanen seier følgjande:

- *"Endeleg avgrensing av steinknuseverksemda innanfor området som er avsett på planen skal avklarast i reguleringsplanen.*
- *I reguleringsplanen bør ein også ta stilling til etterbruk av masseuttaksområdet.*
- *Ved vurdering av endeleg avgrensing av steinknuseverket innanfor det planlagte området bør det takast omsyn til den eksponerte plasseringa i landskapet."*

Reguleringsføremål.

Føremåla er område for jord- og skogbruk, offentleg trafikkområde køyreveg, friområde i sjø, steinbrot/masseuttak og frisisiktsone ved veg.

Planavgrensing.

Planavgrensing er vist i kartutsnitt som ligg ved og omfattar del av eigedomen gnr. 6 bnr. 1.

I planområdet skal offentleg veg (R567) med siktsonar, trafikktryggingstiltak og avkøyringsløyving inngå.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Rådmannen går inn for å gje oppstartsløyve for regulering av gnr. 6, bnr. 1 i medhald av vedteken kommunedelplan for Hauge 2006-2018 med føresegner og retningslinjer.

Dato for saksutgreiing: 04.10.2007.

Trykte vedlegg:

Søknad om oppstartsløyve av 24.09.07.

Kartutsnitt M=1:2000 dagsett 18.09.07.

Utsnitt av gjeldande kommunedelplan Hauge 2006-2008